



Notat

Dato: 03.03.2014
Arkivsak: 2014/12765-1
Saksbehandlar: nilgrud

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Nils E Grude

Areal nytta til vegar i tettstader

I samband med handsaming av sak 82/13, «Klimaplanens handlingsprogram 2014» på møte i samferdselsutvalet 18.11.13 sette representanten Tom Skauge fram slikt oversendingsforslag:

«Ber om oppjustert oversyn over «Tettstadsareal» i Hordaland som er i bruk i vegtrafikken med samanliknbare data frå andre byar i Norge.»

Av tilgjengeleg offentleg statistikk frå SSB finn vi tabell over tettstadareal og arealdekke i tettstader, etter fylke pr. 01.01.2012. Denne tabellen viser m.a. prosent av tettstadsareal som er dekt av vegar, bygningar, og bustadareal. I den offentlege statistikken som kan hentast direkte ut frå SSB finn ein ikkje samanliknbare data spesifikt om veg frå by til by i Norge. Ein må i tilfelle leggje inn bestilling på dette hos SBB.

I snitt var 15,4 % av tettstadarealet i Norge i 2012 dekt av vegar, og 9,7 % av bygningar. Variasjonen innan Norge når det gjeld % dekt av vegar er liten, frå 14,3% i Sør Trøndelag til 16,4 i Troms. I Hordaland sine tettstader er 16,3 % i snitt dekt av vegar.

Når det gjeld utviklinga av bruken av vegareal i tettstader over tid, så ligg statistikken ikkje tilgjengeleg elektronisk, men den er å finne i Statistisk Årbok. Men det er lite utvikling over tid. Frå 2002 til 2012 har vegane sin prosent av tettstadsarealet i Norge auka med to promille, og i Hordaland med ein promille.

Nedanfor følgjer utdrag frå publikasjon/artikkel frå SBB frå 2011 der dei fokuserar på bruken av bustadareal i dei største norske byane. Her kan ein og sjå bruken av vegareal i desse byane som vist i figuren under.

Arealbruk og arealressurser innanfor tettsted, etter hovedklasser. Byer med mer enn 100 000 bosatte. 2011. Prosent

